

SAK 44/09 OPPRETNING AV HALLINGDAL UNGDOMSRÅD (HUR)

Saksoplysning

På Hallingtinget 28.april 2009 var eit tema ungdom, der det m.a. var ei drøfting med representantar frå dei kommunale ungdomsråda i Hallingdal. Eit av ynskja frå ungdomsråda var å få oppretta eit regionalt ungdomsråd, noko Hallingtinget ytra seg positivt til. På vegne av ungdomsråda i Hallingdal har Kjetil Th. Storebråten kome med innspel til retningsliner og økonomi for Hallingdal Ungdomsråd (HUR).

Hemsedal har enno ikkje etablert eit ungdomsråd, men her blir det arbeid for å få dette på plass. Målet er at Hallingdal Ungdomsråd skal vera klar til fyrste møte i januar 2010 med representantar frå alle kommunane.

I vedlagt brev er det skissert mandat for HUR:

- *Gje ungdom i Hallingdal medinnflytelse i utforminga av det som skjer i regionen*
- *Betre kontakten mellom, ungdom og politikarar*
- *Påverke saker som vedkjem ungdommen*
- *Stimulere til samfunnsengasjement, medbestemming og deltaking blant ungdom*
- *Ha uttalerett i saker som vedkjem ungdom*
- *Rådet skal vera ein høyringsinstans for Regionrådet i Hallingdal i saker som berører ungdom*
- *Ta opp regionale saker som ungdom er opptekne av, og arbeida fram felles prosjekt og tilbod til denne aldersgruppa*
- *Rådet skal arbeida for felles arrangement og tiltak for ungdom i heile Hallingdal*
- *Rådet skal og arbeida mot Buskerud Fylkeskommune, og legge fram saker til fylkestinget som har betydning for ungdom.*
- *Forvalte tildelte midlar og legge fram regnskap ein gong pr år*

Det er også utarbeida forslag til korleis arbeidet i HUR skal utførast og samansetjing av rådet. Drift av Hallingdal Ungdomsråd er rekna til kr. 80.000 pr. år.

Vurdering

Det er eit stort engasjement for å oppretta eit regionalt ungdomsråd i Hallingdal.

Dei som var med på ungdomsrådskonferansen på Torpomoen vinteren 2009 er opptekne av at ungdomsrådet for Hallingdal blir sett i gong, noko som og kom klart til uttrykk på Hallingtinget.

Etter dagleg leiar sitt syn er dette eit svært positivt tiltak.

Noko av utgangspunktet for ungdomsråd er m.a eit forsøk på å inkludere ungdom sterkare i lokaldemokratiet. Ungdomsråda har m.a. som mål å arbeide for at den einskilde kommune skal bli ein betre stad å leva for ungdom, og fremje ungdom sine interesser.

Det er eit nasjonalt mål å auke talet på kommunar med brei medverking frå barn og ungdom. Barn og ungdom si deltaking og innflytelse i plan- og vedtaksprosessar er og eit nasjonalt mål at skal bli så godt innarbeida, at dette blir ein naturleg del av det ordinære arbeidet, overfor barn og ungdom i kommunane. Det er naturleg at mykje av dette arbeidet skjer på kommunalt nivå, men med det samarbeidet som er i Hallingdal og slik ungdommen nyttar Hallingdal vil det også vera fornuftig med ei regional tilnærming.

For Hallingdal som for mange andre regionar er det er utan tvil slik at ei av dei største utfordringane er å ta betre vare på ungdommen. I eit slikt perspektiv kan det vera like rett å tenkje region som kommune. I Hallingdal er det ei rekkje tiltak som er retta mot ungdom utan

at ungdommen i særleg grad har vore involvert. Dette er alt frå div. tiltak i forhold til framtidig rekruttering av arbeidskraft til kriminalitetsførebyggjande arbeid.

Dagleg leiar meiner ikkje det er rett å ha sterke meiningar om arbeidsform og organisering av HUR. Dette bør vera ungdomsråda sitt ansvar. I forslaget frå ungdomsråda er det skissert ein tett dialog/informasjon med Regionrådet, noko eg trur vil vera ein føresetnad for å lykkast. I tillegg til dialog i forhold til konkrete saker er faste årlege møter med Hallingtinget/Regionrådet eit konkret og godt forslag.

Ein årleg kostnad på kr. 80.000 til drift av HUR bør etter dagleg leiar sitt syn leggjast inn som fast post i Regionrådet sitt budsjett frå og med 2010.

Sjølv om kanskje ikkje alle er godt inne i Facebook –verda kan de ta ein kikk her:

<http://www.facebook.com/group.php?gid=256970845584>

Forslag til vedtak

- Regionrådet for Hallingdal støttar opprettinga av Hallingdal Ungdomsråd (HUR).
- Regionrådet for Hallingdal rår til at Regionrådet sitt årlege budsjett blir styrka med eit årleg beløp til drift av HUR, for 2010 kr. 80.000.
- Rekneskap skal sendast Regionrådet innan 15.februar påfølgande år.
- Dagleg leiar i Regionrådet skal saman med HUR utarbeide forslag til arbeidsform mellom HUR og Regionrådet.

Ål 23.8.2009

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg: Brev frå ungdomsråda i Hallingdal, dat. 5.8.2009.

Gol kommune

v/Kjetil Th. Storebråten
Gamlevegen 4
3550 Gol

Regionrådet i Hallingdal

v/ Dagleg Leiar Knut Arne Gurigard
3570 Ål

Gol 5.8.2009

Oppretting av Hallingdal Ungdomsråd (HUR)

Innleiing

Det er eit stort engasjement for og oppretta eit regionalt ungdomsråd i Hallingdal.

Det er oppretta gruppe på Facebook som etter kort tid teller over 50 medlemmer.

Dei som var med på ungdomsrådskonferansen på Torpomoen vinteren 2009 er opptekne av at ungdomsrådet for Hallingdal blir sett i gong.

Hemsedal har enno ikkje fått etablert eit ungdomsråd, men nyttilsett fritidsleiar i Hemsedal, Martin Hjelseth, har begynt å arbeida med saka. Så frå 2010 burde alle kommunar vera representert.

Målet er at Hallingdal Ungdomsråd skal vera klar til fyrste møte i januar 2010.

Rådet skal ha representantar frå Hol, Ål, Gol, Hemsedal, Nesbyen og Flå.

Mandat for Hallingdal Ungdomsråd

- Gje ungdom i Hallingdal medinnflytelse i utforminga av det som skjer i regionen
- Betre kontakten mellom, ungdom og politikarar
- Påverke saker som vedkjem ungdommen
- Stimulere til samfunnsengasjement, medbestemming og deltaking blant ungdom
- Ha uttalerett i saker som vedkjem ungdom
- Rådet skal vera ein høyringsinstans for Regionrådet i Hallingdal i saker som berører ungdom
- Ta opp regionale saker som ungdom er opptekne av, og arbeida fram felles prosjekt og tilbod til denne aldersgruppa
- Rådet skal arbeida for felles arrangement og tiltak for ungdom i heile Hallingdal
- Rådet skal og arbeida mot Buskerud Fylkeskommune, og legge fram saker til fylkestinget som har betydning for ungdom.
- Forvalte tildelte midlar og legge fram regnskap ein gong pr år

Organisering

- Hallingdal Ungdomsråd har 4 møter i året. 2 gonger pr. semester.
- Møteplan blir sett opp i november kvart år.
- Leiar eller fire medlemmer kan krevje møter utanom oppsett møteplan.
- Ungdomsrådet er vedtaksføre når $\frac{3}{4}$ av rådets medlemmer er til stades.
- Alle vedtak blir gjort med simpelt fleirtal.
- Saker som blir lagt fram for Regionrådet i Hallingdal som vedkjem ungdom skal sendast det Regionale Ungdomsrådet til uttale.
- Møta blir lagt til ulike kommunar kvar gong.

- Post til Hallingdal Ungdomsrådet blir sendt til Dagleg leiar av Regionrådet/ referent
- Møta blir kunngjort på lik linje med andre politiske møter.
- Møta følgjer vanleg møteskikk med ordstyrar og taleliste.
- Alle møter skal protokollførast.
- Medlemmene får fri utan fråvær frå skulen, og dekkja reiseutgifter samt møtegodtgjersle og diett etter dei til ein kvar tid gjeldande satsar.
- Protokoll sendast Regionrådet ved Dagleg leiar, ordførarar og rådmenn i Hallingdals kommunane.
- Rådet møter ein gong i året i Hallingtinget og fortel om arbeidet sitt, og legg fram saker.
- Ynskjer Regionrådet det kan Hallingdal Ungdomsråd kallas inn etter ynskje.
- Val av representantar utførast i kvart ungdomsråd. 2 veljast og 2 blir vara.
- Begge kjønn skal vera representert i rådet.
- Det blir oppretta ei eigen heimeside for sakspapir og informasjon om rådets arbeid.
(Det må avklarast kven som oppdaterar denne)
- Det blir sett opp saksliste til kvart møte som sendast ut seinast to veker før møtedato med kopi til Rådsordførar i Regionrådet og Dagleg leiar.

Samansetjing:

- Rådet bør bestå av 2 medlemmer frå kvart ungdomsråd i Hallingdal totalt 12 medlemmer.
- Rådet vel sjølv leiar, nestleiar og PR sjef.
- Det oppnemnast ein sekretær for rådet som kallar inn til møter og administrerar økonomien og fører referat. (Dette kan gå på omgang fritidsleiarane i mellom, eller forvaltas av Dagleg leiar for Regionrådet Knut Arne Gurigard)
- Referent har ikkje stemmerett.
- Rådet arrangerar ungdomsrådskonferanse kvart år for alle ungdomsråd i Hallingdal.
- Rådet planlegg ei kurssamling for medlemmene ein gong i året.
- Medlemmene veljast for 2 år. (Dette for og sikra kontinuitet i rådet)
- Medlemmane kan maks sitte 2 år. (Dette for at flest muleg kan få prøvd seg i rådet)
- Ved eventuell oppretting av Ungdommens Fylkesting i Buskerud vel rådet 2 representantar pluss vara til denne oppgåva.

Økonomi

- Regionrådet i Hallingdal løyver midlar til drift av rådet.

Konferansen på Torpomoen vinteren 2009 kosta ca 40.000 kr.

Kursopplegg på dagtid/helg vil kosta om lag 20.000 kr

Drift av rådet elles vil krevje om lag 20.000 kr (bevertning, transport, kursing, studieturar og liknande.)

Rådet treng difor 80.000 kr pr år for å dekke utgiftene.

Dette blir 13.300 kr pr kommune pr år.

Mvh

Fritidsleiar

Kjetil Th. Storebråten

På vegne av ungdomsråda i Hallingdal